

Valprogram for Herøy FrP perioden 2023-2027

Kjære veljar

Dette dokumentet er Herøy FrP sitt program for perioden 2023-2027. Her kan du lese om kva retning Herøy FrP ynskjer at Herøy kommune skal gå dei neste fire åra. Dette er vårt utgangspunkt når vi skal forhandle med andre parti om vegen vidare for Herøy kommune.

Vi skal representere deg som innbyggjar, uansett kva posisjon vi får etter valet. Vi ynskjer di stemme, slik at vi kan vere med å styre Herøy kommune til det beste for innbyggjarane.

Eit lokalsamfunn må utvikle seg, og det er berre mogleg der det finst rom for personleg friheit. Friheit til å skape, og friheit til å vekse på eigne premiss. Herøy FrP er eit JA-parti, vi ynskjer å gjere kvardagen enklare for folk flest.

Herøy FrP skal føre ein økonomisk ansvarleg politikk, der ein også tek omsyn til innbyggjarane si lommebok. Ideologi ligg som ein styrepinne, og ikkje som fasit. Vi vil ta opp kampen mot det offentlege systemet som vil styre over den enkelte sitt liv, og sette enkeltmennesket sine ynskjer og behov i sentrum.

Herøy FrP jobbar aktivt opp imot partiet i fylket og nasjonalt for saker som er viktige for Herøy. Disse er ikkje ein del av dette lokalprogrammet, men det betyr ikkje at Herøy FrP ikkje har meiningar om sakene.

Bruk stemmeretten din 11. september. Om du ynskjer at Herøy FrP skal få meir makt til å påverke i neste periode, gi oss di stemme. Gi oss moglegheit til å påverke til det beste for di framtid.

Godt val!

Ideologisk grunnlag

Framstegspartiet er eit liberalistisk parti. Det byggjer på Noregs grunnlov, norsk og vestleg tradisjon og kulturarv, med basis i det kristne livssyn. Prinsipielt er vårt hovudmål at vi skal arbeide for sterk nedsetting av skattar, avgifter og offentlege inngrep.

Helse og Omsorg

Helse og omsorg er ei av primæroppgåvene til ein kommune. Herøy FrP er opptatt av at pasientar og brukarar blir sett i sentrum, og at den enkelte skal bli sett og høyrd. Helsevesenet skal opplevast som imøtekomande, og ikkje eit firkanta system ein kvir seg til å kontakte. For

Herøy FrP er det ikkje viktig kven som yt tenestene, men at tenestene er best mogleg. Difor er vi positive til å konkurranseutsette fleire tenester der kvalitet er den avgjerande faktor.

Eldreomsorg er ei av dei viktigaste sakene for Herøy FrP. Vi ynskjer å tilretteleggje for at dei eldre skal kunne bu heime lengst mogleg. Når ein omsider må på sjukeheim, ynskjer vi å gjere opphaldet so godt som mogleg. God mat er viktig, og om nokon ynskjer noko godt i glaset skal ikkje det offentlege stå i vegen for dette.

Herøy FrP vil dei neste fire åra arbeide for:

- Å tilby valfriheit til brukarane
- Å ta i bruk meir teknologi i omsorgstenesta
- Auke aktivitetstilbodet til dei eldre
- Styrke psykisk helsevern
- Satse på godt samarbeid med frivillige
- Å likestille private og offentlege tenester
- At eldre skal få kartlagt behov i heimen ved fylte 75år, og tilrettelegging for at eldre skal kunne bu heime lengre
- Arbeide for eit mest mogleg likt tilbod i kommunens institusjonar

Skule, barnehage og oppvekst

Oppvekst er det andre store ansvarsområdet til kommunen. For at Herøy kommune skal vere ein god og attraktiv plass å bu, er det viktig med gode skular og barnehagar. Trivsel og læring er heilt sentralt. Herøy FrP har nulltoleranse for mobbing, og dette vil vi fortsette å ta opp også i neste periode. Herøy kommune har gode erfaringar med private barnehagar, og difor meiner Herøy FrP at kommunen ikkje skal stå i vegen om ein privat aktør vil fylle behovet for fleire barnehageplassar i Indre Herøy. Herøy FrP vil ikkje endre på skulestrukturen i denne perioden. For Herøy FrP er det viktig å tilretteleggje for betre tilbod til ungdom. Eit godt fritidstilbod for ungdom er også god førebygging mot rusproblem blant unge. Å investere i born og unge er ei viktig investering for framtida. Fleire unge slit i dag med psykiske plager, difor vil Herøy FrP styrke skulehelsetenesta betydeleg.

Herøy FrP vil dei neste fire åra arbeide for:

- Å tilby fritt skuleval i grunnskulen
- Å innføre lærarevalueringar
- Å tilby ungdom eit betre fritidstilbod
- Tilretteleggje for at ein privat aktør kan starte barnehage i Indre Herøy
- Ei betre skulehelseteneste der helsesjukepleiar er meir til stades i skulane

- At rådgivingstenesta i skulen skal bli betre
- Auke talet på lærlingar i kommunen

Kultur og idrett

Herøy FrP ynskjer å føre ein kulturpolitikk som er mest mogleg uavhengig frå kommunal styring. Frivillige gjer ein fantastisk jobb på dette feltet, og det ynskjer Herøy FrP å støtte vidare. Næringslivet i Herøy er ein avgjerande støttespelar til idrett og kultur i Herøy. Herøy FrP ynskjer også å støtte uorganisert idrett ved å sikre arenaer for tennis, volleyball og andre idrettar som kan vere aktuelle.

Herøy FrP vil dei neste fire åra arbeide for:

- Å prioritere kultur og idrett for born og unge
- Å bidra til eit godt samarbeid mellom kommunen, næringslivet og frivillige
- Sørge for at ungdom får ein sosial arena på fritida

By- og Næringsutvikling

Herøy FrP ynskjer å legge til rette for auka aktivitet i sentrum. Mange eldre ynskjer å flytte meir sentralt, difor ynskjer Herøy FrP å tilretteleggje for bygging av fleire bustadar tiltenkt eldre i Fosnavåg og Myrvåg. Herøy FrP ynskjer å spele på lag med private aktørar for å få til sentrumsutvikling i ytre bydel av Fosnavåg. Fortetting er ein viktig del av moderne sentrumsutvikling, det betyr at vi må få meir ut av den plassen vi har i Fosnavåg. Offentleg rom der folk kan møtast er viktig for å halde liv i sentrum. Turisme og reiseliv er ei næring i vekst som har eit stort potensiale. Difor ynskjer Herøy FrP å legge til rette for nye og eksisterande aktørar som vil satse på Herøy som turistkommune. Auka turisme og reiseliv bidreg også til eit meir levande bysentrum. Vi ynskjer også å utvide skjenketidene til det maksimale av det lova tillet. Herøy FrP vil jobbe for at Fosnavåg hamn skal kome inn på NTP som eit vanleg prosjekt som Kystverket skal gjennomføre i eigen regi.

Herøy FrP vil dei neste fire åra arbeide for:

- Å kjøpe eldebustadar i sentrum, og bidra til at prosjekt blir realisert
- At ytre bydel blir utvikla
- At det skal vere uformelle møteplassar i sentrum
- Å legge til rette for næringslivet
- Å utvide skjenketidene til det maksimale av det lova tillet
- Å legge til rette for at Herøy kan utnytte sitt potensiale innan turisme og reiseliv
- Å jobbe for Fosnavåg hamn

Samferdsel

Herøy FrP ynskjer å prioritere vedlikehald av kommunale vegar og sikre skulevegar med trafikktryggingstiltak på kommunale vegar og fylkesvegane. Når Stad skipstunell står klar til bruk, vil det vere mogleg med hurtigbåtforbindelse mellom Bergen og Ålesund. I samband med det ynskjer vi at Herøy skal vere tidleg ute for å sikre at Herøy blir ein del av denne ruta. Med stadig betre teknologi opnar det seg moglegheiter for blant anna sjølvkøyrande bussar. Herøy FrP ynskjer ny teknologi velkommen, og ser potensiale til å betre kollektivtilbodet innad i kommunen. Vi vil jobbe hardt opp mot Fylkestinget for å prioritere viktige fylkesvegar i Herøy, også for bygging av gang- og sykkelveg.

Herøy FrP vil dei neste fire åra arbeide for:

- Å vedlikehalde dei kommunale vegane våre
- At dei fylkesvegane skal bli prioritert av fylkeskommunen
- At Herøy i framtida skal få hurtigbåtrute til Ålesund og Bergen
- At nødvendige trafikktryggingstiltak blir gjennomført